



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker**

**Møtedato:** 05.04.2018  
**Møtetid:** kl. 20:00  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Brigt Roar Skeie, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Marit Jøssang

### **Meldt forfall:**

Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Bent Gunnar Næss.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 22.02.18 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000006 Forhandlingsutval for bygging og finansiering**

Frank Rune Dale og Per Arne Traa har sagt ja til å vere medlemmer av eit forhandlingsutval for soknerådet saman med kyrkjeverja.

#### **Sak 000007 Møte i fellesnemnda 21.03.18**

Møteboka finn du her: <https://kirken.no/nn-NO/fellesrad/radoy-sokn/nyhetsarkiv/alver-motebok-for-kyrkjeleg-fellesnemnd-2018-02/>

#### **Sak 000008 Heimelsovergang**

Orienteringsmøte 12.april.

#### **Sak 000009 Skriv**

#### **Sak 004/18 Avtale om felles rutinar i personalforvaltninga**

##### *Forslag til vedtak:*

Framlegg til retningslinjer for handtering av konflikhtar og handtering av mobbe- og trakasseringssaker blir vedtekne å gjelde i Meland sokn.

##### *Møtebehandling:*

Tillegg til vedtakssteksten: Retningslinjene blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til kyrkjelyden.

##### *Vedtak:*



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Framlegg til retningslinjer for handtering av konfliktrar og handtering av mobbe- og trakasseringssaker blir vedtekne å gjelde i Meland sokn. Retningslinjene blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til kyrkjelyden.

Samrøysta vedtak

## Sak 005/18 Løysingar for prestestilling nr 2

### *Forslag til vedtak:*

Meland sokneråd har moglegheit til å finansiere 20% av prestestilling nr 2. og har som mål å auke dette til 30% i løpet av dei neste 2 åra.

Administrasjonsutvalet arbeider vidare med utlysingsteksten med innspel frå soknerådsmøtet.

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Meland sokneråd har moglegheit til å finansiere 20% av prestestilling nr 2. og har som mål å auke dette til 30% i løpet av dei neste 2 åra.

Administrasjonsutvalet arbeider vidare med utlysingsteksten med innspel frå soknerådsmøtet.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

## **Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker**

**Møtedato:** 05.04.2018  
**Møtetid:** kl. 18:30  
**Møtestad:** Møteplassen

### **Til stade:**

Per Audun Heskestad, Andreas Sagstad Berg, Brigt Roar Skeie, Andreas Westermoen, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli.

### **Meldt forfall:**

Bent Gunnar Næss.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

### **Innkalling, sakliste og sist møtebok:**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 22.02.18 vart godkjent.

### **Meldingssaker:**

#### **Sak 000009 Personar til kyrkjebladredaksjonen**

Au har spurt nokre personar, utan positivt resultat til no. Vi bør ha ei løysing klar før sommaren.

#### **Sak 000010 Avslutning for Torbjørn Aamli 08.04**

#### **Sak 000011 Innsetjing for ny sokneprest**

*Bjørn Tore Sæle har fått tilbod om og takka ja til stillinga som sokneprest i Meland. Han vil ta til i stillinga frå 01.08.18. Det er drøfta om det kan bli innsetjing 24.06, sidan august er ein vanskeleg månad å få det til, blant anna pga innsetjing av ny prost. Soknerådet ønskjer at datoen for innsetjing blir 24.06.*

#### **Sak 000012 Årsmelding 2017**

Årsmeldinga er forsinka pga tekniske vanskar. Blir gjort ferdig til årsmøtet.

### **Nye meldingar etter utsending av innkalling**

- Årsmøtet

Det bør vere eit tilbakeblikk og blik framover om økonomien. Økonomiutvalet førebur presentasjonen saman med kyrkjeverja. Kyrkjeutvalet bør informere.

- Årsmøte for stiftinga Nordgardsløa. Per Audun Heskestad møter for soknerådet.
- Octavia blir nedlagt. Det må bli ordna med ein blomsterbukett til dirigent Eirin Åserud-Løvlid.

#### **Sak 004/18 Visjonar, verdiar og vidare arbeid**

*Forslag til vedtak:*

### **Møtebehandling:**

Soknerådet drøfta saka og kom fram til nokre førebelse verdiformuleringar. Saka bør drøftast i stabe og vere



# DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

oppe til vedtak etter at den nye soknepresten er på plass.

*Vedtak:*

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

## **Sak 005/18 Høyringsvar justering ordning for hovedgudstjenesten**

*Forslag til vedtak:*

Meland sokneråd sitt høyringsvar til justering av hovudgudstenesta blir som framlegg til høyringsvar.

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*

Soknepresten får fullmakt til å redigere høyringsvaret slik det ligg føre etter innspel i møtet.

Samrøysta vedtak.

## **Sak 006/18 Vedtekter for felles kyrkjeblad**

*Forslag til vedtak:*

Meland sokneråd vedtek vedtekter for felles kyrkjeblad slik dei ligg føre.

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*

Meland sokneråd vedtek vedtekter for felles kyrkjeblad slik dei ligg føre.

Samrøysta vedtak.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug  
Kyrkjeverje